

FORDELØESEINFO JUNI 2023



Sommarles

Minner også i år om lesekampanjen til biblioteket. Elevane på 1.-7.trinn har fått informasjon av Gry på biblioteket. Ho sit klar med mange spennande bøker elevane kan låna seg gjennom heile sommaren. God lesing!

FAU/SU/SMU

Tusen takk til FAU for isutdeling siste skuleveka. Dette kom godt med i varmen!

Marlen Allen fortset som FAU leiar for neste skuleår, tusen takk for at du stiller opp i eit viktig verv!



Ny inspektør på ungdomstrinnet

Vegard Audenby vil starta som inspektør på ungdomstrinnet 1.august. Vegard har arbeidd på Blaker skole i fleire år, og har nattopp flytta heim til Egersund att. Me gler oss til å få han på plass og ønsker han hjartelig velkommen til oss!



TIPS! Voksne for barn

Denne nettsida har mange gode artikler for føresette. Blant anna [denne](#) med tips til tenåringsforeldre og grensesetting. Sidene er delt inn i ulike tema som kan vera aktuelle for heimar, og alt er gratis.

Elevane har vore varme og daffe i juni. Sommaren kom brått på, og det har vore relativt rolege dagar sidan dei ikkje har orka så mykje! Me avslutta med fotballkamp mellom 8. og 9.trinn og mellom 9.trinn og lærarane. På barneskulen fekk 7.trinn konkurrert med lærarane i kanonball og vant ein knepen seier!

Me har fått pynta skuleområdet med blomar, tusen takk til arbeidslivsfagsgjengane som har teke seg av dette. Nye møblar til fellesområda er på plass, både ute på barneskulen og inne på ungdomsskulen. Skulen har blitt rydda klar til eit nytt skuleår.

Me nyttar anledninga til å ønska 10.trinnselevane våre lukke til vidare i livet. Dei hadde avslutningsfest den 21.juni, og er offisielt ferdige med 10 års grunnskule. Det er stas å få markera dette på ein høgtideleg måte! Også stas for 7.trinn å feira at barneskuletida er over!

Klassane på 1. og 8.trinn til neste år er klar til overgang, karakterar er sette og både skriftleg og munnleg eksamen er gjennomført. 5.-7.trinn har hatt idrettsdag, 1.-4.har hatt matematikkdag, og alle klassane har fått kjølt seg ned i Lauvtjødna i løpet av juni. No skal det bli godt med sommar både for store og små.

Me takkar for samarbeidet for skuleåret som no er ferdig, og ser fram til skulestart for elevane 17.august 2023.

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

